







# Skjåk kommune

## KONTROLLUTVALET PROTOKOLL

|                                      |                                   |                        |                        |
|--------------------------------------|-----------------------------------|------------------------|------------------------|
| <b>Møtestad:</b><br>Skjåk kommunehus | <b>Møtedato:</b><br>19. juni 2018 | <b>Frå kl.</b><br>0900 | <b>Til kl.</b><br>1100 |
|--------------------------------------|-----------------------------------|------------------------|------------------------|

|  |  |  |  |
|--|--|--|--|
| <b>Møteleiar:</b>  | Knut Vindheim  |  |  |
| <b>Møteinnkalling<br/>(kunngjering)</b>  | Møteinnkalling sendt 5. juni 2018.   |  |  |
| <b>Til stades:</b>   | I alt 4<br>medlemmer   | Av desse 3<br>faste medlemmer  |  |
| <b>Andre frammøtte</b>   | Sekretær Morten Sørhage førte møteboka.  |  |  |
| <b>Saker som vart<br/>handsama</b>   | Sak nr./år: 15 -18/2018  |  |  |
| <b>Merknader til møtebok</b>   | Ingen  |  |  |
| <b>Vi sannar med<br/>underskriftene våre at<br/>vedtaka er ført i samsvar<br/>med det som vart bestemt<br/>på møtet.</b> | <br>Knut Vindheim | <br>Arild dePresno     |  |
|  | <br>Sigrun Kveen  | <br>Torø Elin Dagsgard |  |

Protokoll frå utvalsmøtet sendt til

- Medlemmane av kontrollutvalet
- Varamedlemmane av kontrollutvalet
- Ordføraren og rådmannen
- Innlandet Revisjon IKS



# Skjåk kommune

| SAKSBEHANDLER  | MØTEDATO      | ORGAN            | SAK NR. |
|----------------|---------------|------------------|---------|
| Morten Sørhage | 19. juni 2018 | Kontrollutvalget | 15/2018 |

## TERTIALRAPPORT VÅR 2018

### Vedlegg:

Saksutgreiing formannskap og kommunestyre

Administrasjonen i Skjåk kommune har gjennomgått budsjett og vurdert forventet resultat. Resultat, avvik og tiltak er vurdert og kommentert.

Økonomisjef møter i kontrollutvalet for gjennomgang av rapporten.

### Handsaming:

Frå administrasjonen stilte:

Økonomisjef Odd Gudbrand Aamodt orienterte om økonomisk situasjon.

Kommunalsjef Unnvald Bakke orienterte om situasjonen på skulesektoren.

Kommunalsjef Hilde Reitan orienterte om situasjonen på helse- og sektoren.

Kontrollutvalet stilte spørsmål om tilhøva.



# Skjåk kommune

| SAKSBEHANDLER  | MØTEDATO      | ORGAN            | SAK NR. |
|----------------|---------------|------------------|---------|
| Morten Sørhage | 19. juni 2018 | Kontrollutvalget | 16/2018 |

**Vedlegg:**

Rekneskapen 2017

## LOM OG SKJÅK BRANNVESEN – ÅRSREKNESEKAP 2017

Lom og Skjåk brannvesen er organisert som eit interkommunalt selskap med deltakerkommunane Lom og Skjåk.

Selskapet har eige styre. Dette er samansett av ordførar og rådmann/administrasjonssjef i kommunane og ein representant for dei tilsette. Ordførar i Lom er styreformann.

Ein hovudoversikt over nøkkeltala syner:

|                       |                     |
|-----------------------|---------------------|
| Driftsinntekter-      | kr 6 107 228        |
| Driftsutgifter -      | <u>kr 5 822 826</u> |
| Brutto driftsresultat | kr 284 402          |

Rekneskapsmessig underforbruk – kr 254 780

Overføring frå kommunane:

|         |              |
|---------|--------------|
| Skjåk - | kr 2 447 221 |
| Lom -   | kr 2 421 779 |

**Forslag til vedtak:**

Kontrollutvalet tek årsrekneskap og årsmelding til orientering

**Handsaming:**

Kontrollutvalet hadde ingen kommentar til informasjonen.

**Vedtak:**

Kontrollutvalet tek årsrekneskap og årsmelding til orientering



# Skjåk kommune

| SAKSBEHANDLER  | MØTEDATO      | ORGAN            | SAK NR. |
|----------------|---------------|------------------|---------|
| Morten Sørhage | 19. juni 2018 | Kontrollutvalget | 17/2018 |

## INNLANDET REVISJON IKS – RAPPORT 1. TERTIAL 2018

### Vedlegg:

Tertialrapport 1/2018

Innlandet Revisjon IKS rapporterer etter oppdragsavtalen pr. tertial. Vedlagt oppstilling viser ressursbruken pr. 30/4 – 18, samt prognose for året 2018.

Som oppstillinga viser, blir Skjåk, som ei kommune i Nord-Gudbrandsdal, tilleggsfakturert for å opparbeide tilstrekkelege midlar til pensjonsfond.

### Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek tertialrapport 1/2018 til orientering.

### Handsaming:

Kontrollutvalet hadde ingen kommentar til informasjonen.

### Vedtak:

Kontrollutvalet tek tertialrapport 1/2018 til orientering.



# Skjåk kommune

| SAKSBEHANDLER  | MØTEDATO      | ORGAN            | SAK NR. |
|----------------|---------------|------------------|---------|
| Morten Sørhage | 19. juni 2018 | Kontrollutvalget | 18/2018 |

## ARBEIDSMØTE

### Vedlegg:

Årsplan 2018

Skjema saker 2018

Kontrollutvalet går gjennom møteoversikta 2018 og fastset møteplan for hausten 2018. I sammenhengen har styret i SKNG lagt opp til fellesmøte 19. september 2018 med desse orienteringane:

- Fylkesmannen orienterer om beredskapsarbeid i kommunane
- Oppland fylkeskommune orienterer om ny region Innlandet
- Nord-Gudbrandsdal Regionråd orienterer om verksemda
- Sekretær i SKNG orienterer om revisors uavhengigheit

I veke 44 er det planlagt eit fellesmøte med orienteringar om tenesteyting helse:

- NGLMS orienterer om verksemda og tenesteytinga
- Repr. frå ein sentral helsemyndigheit orienterer om lovkrav etter helse- og omsorgsloven

Innlandet Revisjon IKS arbeider for tida med forvaltningsrevisjon om gjeldsforvaltning, fondsforvaltning og vedlikehaldsplan. Det ser ut som om rapporten blir lagt fram rett etter sommaren. Det skal gjennomførast ein forvaltningsrevisjon i året, slik at ei viktig sak til hausten blir å utarbeide bestilling av nytt prosjekt for 2019.

Utover bestillinga er det ynskjeleg at utvalet drøftar forslag til saker dei vil ha på sakskartet, når det gjeld Skjåk kommune. Det kan gje grunnlag for orienteringar i utvalet.

### Handsaming:

Kontrollutvalet må bestille nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt 2019 i 3. kvartal. Elles hadde ikkje kontrollutvalet kommentar til innspela.

Kontrollutvalet ynskjer ei orientering om praksis og bruk av NGLMS i Skjåk. Ei sentral problemstilling er retningslinjer om transport. Spesielt om avgjerdslemynde av destinasjon av pasient.